



Aktiv brannsikring av landbruksbygg



Hovedprosjekt utført ved Høgskolen Stord/Haugesund - Avd. for ingeniørfag

Studieretning : Brannsikkerhet

Av : Anja Karoline Nygård
Marit Elisabeth Eriksen

Haugesund

2002



Høgskolen Stord/Haugesund
Avdeling for ingeniørfag
Bjørnsonsgt. 45
5528 HAUGESUND
Tlf. nr. 52 70 26 00
Faks nr. 52 70 26 01

Oppgave tittel Aktiv brannsikring av landbruksbygg		Rapportnummer (Fylles ikke ut)
Utført av Marit Elisabeth Eriksen og Anja Karoline Nygård		
Linje Sikkerhet		Studieretning Brannsikkerhet
Gradering Open	Innlevert Dato	Rettleiar ved HSH Jan Torgil Josefsen
Oppdragsgjevar Nei		Ekstern rettleiar Anders Sandberg, DBE

Ekstrakt

Temaet for oppgåva er branntryggleik i landbruket, med hovudvekt på deteksjon og sløkkeanlegg for driftsbygningar. Brannar i driftsbygningar utviklar seg svært raskt og det er difor viktig med tidleg deteksjon og sløkkeinnsats. I denne oppgåva har ein gjort forsøk med Firetrace varmedeteksjonsanlegg som var koplå mot eit vasståkeanlegg. Målet med dette er å finne ut om eit slikt system detekterer i tide, og om effekta er tilstrekkeleg til å sløkke, eventuelt hindre brannspreiing og overtenning. I tillegg vart andre anlegg vurdert med omsyn til pris og bruk i slike bygg.

Konklusjonen på oppgåva er at dette anlegget kan anbefalast. Eit anlegg som vert montert bør imidlertid testast med omsyn på vassmengde og trykk, og utføre eventuelle justeringar viss det trengs. Viss forsikringselskapa gjev same rabattordning på dette anlegget som det vert gjort med brannalarmanlegg vil dette i tillegg vere eit økonomisk godt alternativ.

Forord

Temaet branntryggleik i landbruket har vi valt andi det er ei sak som engasjerar oss. Vi har sjølv jobba i landbruket, og har difor forståing for kor tungt det må vere for bonden og familien når ulykka er ute. I tillegg til det psykiske og tap av dyr, kostar slike brannar ein del både for bonden som må starte heilt på nytt og forsikrings-selskapa som må utbetale erstatningar. Dei totale erstatnings utbetalingane har dei seinare år auka. Noko av årsaka til det er at utviklinga går mot færre, men større bruk.

Mange av årsakane til at brannar i landbruksbygg oppstår, og tiltak for å hindre brannane, er kjent. Automatisk sløkkeanlegg er derimot lite utprøvd.

Tradisjonelt har det vore svært lite fokusert på branntryggleiken i landbruket og altfor lite har vorte gjort for å førebygge. 2002 er Landbrukets brannvern år, så større merksemd er no retta mot brannproblematikken i næringa. Mellom anna har Landbrukets brannvernkomité arrangert Landbrukets brannvernkonferanse der ulike problemstillingar, brannårsaker og førebyggjande tiltak blei vektlagt. I tillegg til enkle tiltak vart det fokusert på kor viktig det var med rask deteksjon. Sløkkeanlegg var ikkje tema, og som snart ferdig utdanna branningeniørar reagerte vi på dette, og ynskte difor å sjå nærare på dette.

Vi gjekk inn på internett under ordet sløkkeanlegg, og oppdaga at Lux brannteknologi hadde eit system som kunne passe til bruk i driftsbygning. Lux brannteknologi tende på prosjektet og dermed var vi i gong.

I arbeidet med hovudprosjektet ynskjer vi å rette ein stor takk til:

- Landbrukets brannvernkomité for at dei sponsa deltaking på Landbrukets brannvernkonferanse 16.-17. januar for oss.
- Lux brannteknologi for lån av dyser, ventil og deteksjonsanlegget Firetrace, og Bjørn Knutsen for uvurderleg hjelp undervegs.
- ETR for sponing av røyr, montering av sløkkeanlegget og assistanse på forsøksdagen.
- Tollef Norvik som stilte sin gamle låve til disposisjon.
- Internettleiar Jan Torgil Josefsen for råd i prosjektperioden.
- Odd Rød frå Gjensidige for sponing av avgifta til brannvesenet.
- Eksternettleiar Anders Sandberg frå DBE for positiv støtte og informasjon.
- Karmøy Brannvesen for assistanse under nedbrenninga av låven
- Sara Østlund for assistanse med labview og måleutstyr.

Samandrag

Ingen gardar har i dag automatisk sløkkeanlegg installert i driftsbygningar, og berre 10% har brannalarmanlegg[4]. Tradisjonelt har brannsikring av landbruksbygg vore lågt prioritert både i bygningstekniske forskrifter og frå næringa sjølv. Då det trass alt er gjennomsnittleg 200 landbruksbrannar årleg, ynskte vi å vurdere korleis sløkkeanlegg ville passe for slike bygg.

For å løyse oppgåva fekk prosjektgruppa til eit samarbeid med to firma som leverer røyranlegg, dyser, og varmedeteksjonsanlegg som kan koplast opp mot sløkkeanlegg. Deretter var det å få tak i ein gamal låve som nokon ynskte å kvitte seg med. Sist nemnte var det som tok lengst tid. Etter å fått tak i ein låve som passa måtte ein gjennom byggesakshandsaminga i kommunen, der det måtte søkast om riving og brenning av bygget.

I låven vart det gjort tre forsøk. To med Firetrace-varmedetektor knytta opp mot eit vasståkeanlegg, og eit for å teste effekta av eit automatisk utløysbart handsløkkeapparat ved brann. Til slutt føretok ein nedbrenning av driftsbygningen for å demonstrere kor rask brannspreiinga er i landbruksbygg. I denne bygningen tok det 6 minutt til overtenning. I tillegg til forsøka har ulike deteksjon og sløkkeanlegg blitt vurdert i forhold til driftsbygningar.

Det vi kom fram til var at Firetrace varmedeteksjonsanlegg knytta opp mot vasståkeanlegg fungerer slik det skal, og gjerne kan nyttast i landbruksbygg. Ved bruk av sløkkeanlegg i driftsbygningar bør ein forsikre seg om at vasstrykk og vassmengde vil vere tilstrekkeleg i anlegget. Skulle det vise seg at det vert for lågt må det settast inn tiltak til dømes i form av pumpe og vasstank, eller dele anlegget inn i fleire soner.

Det automatisk utløysbare handsløkkeapparatet er ikkje noko fullgod løysing for slike bygg då det har for lita rekkevidde, og på grunn av at det er store rom og store takhøgder i slike bygg.

Sprinkleranlegg med dyser som løyser ut ved ein viss temperatur vil óg kunne vere eit godt alternativ. I områder kor det førekjem frost må ein tørranlegg eller ha frostvæske i røyra. Røyr og dyser må plasserast på ein slik måte at ein ved arbeid med traktor og liknande, ikkje treff dysa og utløyser anlegget.

I vurdering av ulike anlegg ut i frå pris, er det Firetrace som kjem best ut av deteksjonsanlegga. Dette er det alternativet som er best ved oppkopling mot sløkkeanlegg då risiko for feilutløysing er liten. Når det gjeld sløkkeanlegg er det vasståkeanlegg og sprinkleranlegg som er rimelegast. Sprinkleranlegg er kanskje noko dyrare enn vasståkeanlegg, men her er ein ikkje nøydd til å ha deteksjonsanlegg.

INNHALD

1	INNLEIING	4
1.1	BAKGRUNN.....	4
1.2	PROBLEMSTILLING	5
1.3	VASSTÅKE.....	6
1.4	LITT OM ULIKE ANLEGG	7
1.4.1	Firetrace deteksjonsanlegg	7
1.4.2	Tørranlegg.....	8
1.4.3	Delugeanlegg	8
1.4.4	Sprinklaranlegg.	8
1.4.5	Pre-action anlegg.....	9
1.4.6	Brannalarmanlegg.....	10
1.5	UTFORDRINGAR FOR AUTOMATISK SLØKKEANLEGG I DRIFTSBYGNINGAR	10
1.6	ORDFORKLARINGAR	11
2	METODE OG TESTUTSTYR.....	13
2.1	METODE	13
2.2	TESTUTSTYR	13
2.2.1	Vasståkeanlegg.....	13
2.2.2	Varmedeteksjonsanlegget Firetrace.....	14
2.3	FORSØKSOMRÅDET.....	15
2.4	TEST UTFØRING	16
2.4.1	Test 1 og 2 Firetracedeteksjon og vasståkeanlegg	16
2.4.2	Test 3 automatisk utløysbart handsløkkeapparat.....	17
2.4.3	Nedbrenning av låven	17
3	RESULTAT	19
3.1	TEST 1: FIRETRACE OG VASSTÅKEANLEGG	19
3.2	TEST 2: FIRETRACE OG VASSTÅKEANLEGG	20
3.3	TEST 3: SKUMAPPARAT MED GLASBULB	21
3.4	NEDBRENNING AV LÅVEN	21
4	DISKUSJON	22
4.1	VURDERING AV FORSØKSOBJEKT OG METODE	22
4.2	TEST 1: FIRETRACE OG VASSTÅKEANLEGG	23
4.3	TEST 2: FIRETRACE OG VASSTÅKEANLEGG	24
4.4	TEST 3: SKUMAPPARAT MED GLASBULB	25
4.5	NEDBRENNING AV LÅVEN	26
5	KONKLUSJON	27
6	REFERANSELISTE:.....	28
7	VEDLEGG.....	29

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Dei siste 5 åra har det gjennomsnittleg vore 200 brannar årleg i landbruket [2]. Mange av desse brannane kunne ha vore unngått ved enkle tiltak, som til dømes hovudstraumbrytar på traktor, kontroll av el-anlegget, overspenningsvern og betre rutinar med tanke på reinhald og orden. Om lag halvparten av brannane skuldast feil i det elektriske anlegget eller feil bruk av elektrisk utstyr. Sjølvtenning i fôr står for 10% av brannane [11].

Årleg dør ca 2000 storfe og svin som følgje av brann. I åra 1996-2000 brann 987 driftsbygningar og erstatnings utbetalingar i same periode var på 850 millionar kroner [1]. I tillegg til tap av dyr og materielle verdiar, kan bonden og familien oppleve ein brann som ei stor psykisk påkjenning. Tap av livsverket, der dyr går tapt og alt må byggast opp att, kan gje seg utslag i form av depresjonar og sorgreaksjonar. Dr. Michael Setsaas, spesialist i psykiatri ved Setsaas Medisinske senter har uttalt at: "Av 100 personar som er direkte involvert i ei alvorleg krise, vil ca 20 av desse ha behov for meir oppfølging enn familie og vener kan gje".

Kvar brann, òg fjøsbrannar, utviklar seg forskjellig. Det er difor problemfylt å forutsjå kvar brannen vil oppstå. 80-95 % av brannane startar utanfor husdyrromma [15]. Det er av den grunn viktig at husdyrrom er eiga branncelle. Seksjonering hindrar røyk og varme i å spreie seg til husdyrromma og det vert tryggare å gå inn for å redde ut dyra. Evakuering av husdyr frå ein brennande bygning er ofte svært vanskeleg og tek lang tid. Det er ikkje lett å evakuere dyr som ikkje er vant til å gå ut. Dyra vert stressa og kjempar i mot. I tillegg vil røyk og varme gjere forholda verre for både dyr og menneske.

For at seksjonering skal virke etter si hensikt må dører og fôrluker ikkje stå opne. Det er òg viktig at ventilasjonsanlegget ikkje trekker luft frå andre rom i driftsbygningen inn i husdyrromma slik at det ved brann vert fylt med røyk.

Plan og bygningslova er vag når det gjeld krav til landbruksbygg. I § 81 står det: "For oppføring av ny driftsbygning i landbruket og for endring og reparasjon av bestående driftsbygning gjelder bestemmelsene i loven her så langt det passer. Då bygga berre har risikoklasse 1 og ikkje har brannklasse slepp dei unna med "så langt det passer" i forskriftene. TEK, Teknisk forskrift 1997 stiller krav til at husdyrrom skal utførast som ei eiga branncelle og det er krav om rømmingsveg. Dette kravet har dog inga tilbakeverkande kraft på bygg oppført før 1997. Det krevjast sløkkeapparat, enten pulverapparat eller vasslange, i driftsbygningar. Driftsbygningar i landbruket har ikkje vore søknadspliktige, men sjølv om dei er meldepliktige, skal alle vesentlege eigenskapar vere formelt prosjektert og dokumentert. Kor nøye dette vert følgt opp kan vel diskutierast. I ei undersøking gjort av 20 store landbruksbrannar i 98, skulle 4 av driftsbygningane hatt levert byggemelding i følgje Byggeforskrift 85/87 og TEK 1997. Berre 2 av dei hadde levert byggemelding og det var ikkje vedlagt dokumentasjon med omsyn på brannsikkerheita til bygga [13].

Forsikringsselskapa har vore lite villege til å belønne installering av sløkkeanlegg avdi det ikkje har eksistert anlegg tilpassa driftsbygningar. Lite forskning har vore gjort på feltet og få eller ingen testar har vore gjort med automatisk sløkkeanlegg i slike bygg. Forsikringsselskapa sine argument mot installering av slike anlegg har vore at risikoen for feilutløysing og vasskadar er for store. Dei fleste rom og installasjonar i driftsbygningar tåler vatn, difor er dette eit dårleg argument då det i bygg med atskillig større verdiar slik som store kontorlokale, møbelutsal og bibliotek, ofte er sikra med sprinkleranlegg.

Det har vore lite forskning på sløkkeanlegg for driftsbygningar. Produsentane av slike anlegg har tilpassa produkta sine mot større marknader som industri, næringsbygg og offshore. Til desse verksemdene er det gjennom lovverket stilt krav til brannsikringstiltak, dermed må dei ta seg råd til slikt utstyr. Eit sløkkeanlegg er relativt dyrt, og ein bonde har ofte ikkje så mange ressursar å ta av. Det vert heller prioritert innkjøp av utstyr som trengs til det daglege arbeidet, til dømes ein traktor, enn å investere i eit brannsløkkingsanlegg som kanskje aldri kjem i bruk.

Når det først brenn i ein landbruksbygning utviklar brannen seg svært raskt. Brannen har god tilgang på oksygen og mykje brennbart materiale som gjev stor brannbelastning. Driftsbygningar har ofte store useksjonerte areal, og brannen kan difor lett spreie seg over heile bygningen. I tillegg er gjerne brannstasjonen langt unna, gjennomsnittleg utrykkingstid til gardane er 15 minutt [11]. Vert ikkje brannen varsla raskt og sløkka i løpet av få minutt, er sjansane små for å få berga dyr og bygning. Opplysningar frå Gjensidige NOR seier at dei fleste brannane skjer om natta. Dette er nok ikkje tilfelle [11], men om dagen vert brannen oftare oppdaga visuelt slik at bonden tidsnok klarer å slukke brannen. Om natta tek det lengre tid før brannen blir oppdaga og dermed får den fleire minutt å utvikle seg på. Sløkkearbeidet vert difor vanskelegare.

1.2 Problemstilling

Formålet med dette prosjektet er å rette fokus mot branntryggleiken i driftsbygningar, og finne eit effektivt og økonomisk overkomeleg alternativ for tidleg sløkkeinnsats.

Krav til systema:


- Automatisk: Systemet må virke sjølv når folk ikkje er til stades.
- Generelt påliteleg: Deteksjonsanlegget må vere påliteleg slik at det kan koplust opp mot eit automatisk sløkkeanlegg, slik at dette ikkje løyser ut i utide.
- Sløkkeeffektivt: Anlegget må vere effektiv nok til at brannen vert sløkt evt. kontrollert slik at ein får tid til å redde ut dyra.
- Skadeavgrensande: Sløkkeanlegget bør ved utløysing gje minst muleg følgjeskadar.
- Økonomi: Anlegget må ha ein overkomeleg pris

1.3 Vasståke

Vasståke er "forståva" vatn med dropestorleiken frå 50-300 μm . Systemet som blei brukt i forsøka gav ein dropestorleik på 100-300 μm . Små dropar er meir effektive enn store dropar til å absorbere varme frå røyk og flammor på grunn av større samla overflate.

Metodar for brannsløkking

Vasståke avgrensar eller stoppar ein forbrenningsprosess ved at den virkar på 3 måtar: den fjernar eller reduserar tilgongen på oksygen, brennbart materiale og varme. Ved å fjerne ei eller fleire delar av brannfirkanten, vert forbrenningsprosessen stoppa.



Figur 1 Brannfirkanten

Fordelar med vasståke:

Vasståke kjøler røykgassen og brannområdet ved at vatnet ved fordamping stel mykje av varme som elles ville gå til oppvarming av brannområdet. Temperaturen i rommet og i røyklaget vert redusert. Vasståke kan vere med på å vaske ut røyk ved at sotpartiklar festar seg til vassdropane slik at sikta vert betre. Desse faktorane lettar arbeidet ved evakuering.

Ved fordamping utvidar volumet av vatn seg 1700 gongar, dette er med på å fortrenge oksygen frå forbrenningssona. Den fordampa vasståka vil òg vere med på å dempe tilbakestråling frå røyken mot brannsona, noko som gjev mindre varme til pyrolysing av nytt brannmateriale.

I tillegg vil vatn ved fukting av brennbart materiale redusere tilgong på dette. For å antenne fuktig materiale må det tilførast meir energi, då fukta først må fordampe.

Vasståke kan slukke store brannar med svært små vassmengder samanlikna med tradisjonelle sprinklardyser. Dette gjer at vasståkesprinklar høver bra til bruk der vasstilføringa er begrensa, og i område der ein vil minimalisere vasskadar [14]. Forbruket av vatn vert berre 85-90 % av vassforbruket ved tradisjonelle sprinklardyser.

Vasståke er i seg sjølv ein forureiningsfri sløkkemetode, og er personsikkert i motsetning til dømes CO_2 .

I små tette rom vil vasståka virke inertgjerande, det vil sei at oksygentilgongen til brannen vert redusert ved at vatnet fortrenge oksygen ved fordamping. I større rom


med god ventilasjon vert inerteffekta sannsynlegvis mindre på grunn av betre luft sirkulasjon.

Vasståka si innverknad på formelen for fordampingsvarme per tid:

Dette er formelen for fordampingsvarme per tid. Den beskriv korleis dei ulike faktorane verkar inn på brannforløpet.

$$\dot{m}'' = \frac{\dot{Q}_F'' + \dot{Q}_E'' - \dot{Q}_L''}{L_v}$$

- \dot{m}'' - masserate per areal av brensel
- L_v - fordampingsvarme
- \dot{Q}_F'' - varme frå flammen
- \dot{Q}_E'' - varme frå ekstern kjelde
- \dot{Q}_L'' - varmetap



Figur 2 Illustrasjon av formelen

$\dot{Q}_F'' + \dot{Q}_E''$ viser den tilførte varmen, medan \dot{Q}_L'' er den avgitte varmen.

Når brannen blir omhylla av vasståke vil noko av vasståka bli sugd inn i flammen og vil verke kjølande slik at \dot{Q}_F'' avtar. Vasståka vil absorbere stråling frå dei varme omgjevnadane og det fører til at \dot{Q}_E'' vert redusert. Varmestraumen og varmeleiing er større til vasståke enn til luft, difor aukar \dot{Q}_L'' . Fukting av brenselsoverflate fører til at L_v aukar. Alle desse faktorane gjev reduksjon av \dot{m}'' , noko som fører til at mindre brennbart materiale pyrolyserar og varmeutviklinga vert redusert [6].

1.4 Litt om ulike anlegg

Prisar som er nemnt er ikkje eksakte då prisar vil variere etter korleis rominndelinga og brannbelastninga er, takhøgder, individuelle ynskjer og anna. Pisane er eksklusiv moms.

1.4.1 Firetrace deteksjonsanlegg

Firetrace deteksjons anlegg er skildra i kap 2.2.2.

Prisoverslag på deteksjonsanlegget:

20 000 kr for eit bygg på 200 m² og 65 000 for eit bygg på 1000 m²

1.4.2 Tørranlegg

Dette er eit anlegg som har røyrssystemet fylt med trykkluft som held ein alarmventil stengd. Ved utløysing av sprinklarhovud forsvinn trykket, og ventilen opnar for vatnet inn til røyranlegget. Vatnet strøymar ut gjennom dysene som har blitt aktivert av brannen [9]. Tørranlegg kan ha sprinklar dyser eller vasståkedyser. Det finst òg tørranlegg som har opne dyser. Sistnemnte må ha signal frå eit deteksjonsanlegg for å bli aktivert. I forsøka var det denne type anlegg som blei nytta. Sjå for øvrig kapittel 2.2.1. Tørranlegg er eit alternativ i områder med frostproblem. Då det ikkje står vatn i røyra før aktivering [8]. Alle tørranlegg bør kunne drenerast for kondensert vatn som kan samle seg og forårsake frostsprenging.

Prisoverslag på vasståke tørranlegg som blei testa:

40-80 000 kr for bygg på 200 m² og 180-230 000 kr for bygg på 1000 m²

Vasståke tørranlegg komplett med Firetrace deteksjonsanlegg:

60-100 000 kr for bygg på 200 m² og 250-300 000 kr for bygg på 1000 m² (Lux brannteknologi)

Prisoverslag på sprinklartørranlegg:

110 000 kr for bygg på 200 m² og 230 000 kr for bygg på 1000 m² (Teknisk bureau, Stavanger).

1.4.3 Delugeanlegg

Delugeanlegg er ei form for oversvømmingssystem med opne dyser. Ved aktivering vert vatnet spylt ut av alle delugedysene samstundes. Ved ein brann vert ein sensor aktivert og lufttrykket inne i røyra avtar. Trykkreduksjonen opnar hovudventilen og vatnet strøymar ut.

Formål ved eit slikt anlegg er at det skal raskt gje mest muleg vatn. Systemet høver best for områder der store vassmengder ikkje øydelegg inventar og anna. Slike områder kan vere utandørs område på plattformer og der det er fare for eksplosjon [7]. Systemet kan og nyttast der det er brennbare væsker og krut, og til nedkjøling av spesielle objekt [8].

Prisoverslag på delugeanlegg

114 500 kr for bygg på 200 m² og 252 500 kr for bygg på 1000 m² (Teknisk Bureau, Stavanger)

Delugeanlegg vert sannsynlegvis for dyrt til ein driftsbygning. Det gjev dessutan unødige mykje vatn og passar heller dårleg for innandørssløkking.

1.4.4 Sprinklaranlegg.

Sprinklaranlegg er eit stasjonært sløkkeanlegg med vatn som sløkkemiddel. Det er to hovudtypar sprinklaranlegg, våtanlegg og tørranlegg. I våtanlegg står vatnet under trykk fram til dysene. Ved tørranlegg står vatnet under trykk fram til ein alarmventil og vert sleppt fram til dysene først når alarmen er utløyst [7],[9].

Dysene vert produsert med varmfølsame element av typen smelteledd eller glasbulb, og med utløysingstemperatur frå 57°C til 260°C. Fargekoden fortel kva temperatur hovuda løyser ut på. Utløysingstemperaturen til glasbulben vert avgjort av storleiken på luftblæra i bulben. Eit sprinklarhovud skal vere både ein temperaturfølar

og ei dyse som spreier vatnet utover. Spreiemønsteret til sprinklarhovudet vert bestemt av forma på spreieplata til dysa [7],[9].

Sprinklardyser gjev større og tyngre vassdropar enn vasståkedyser. Tyngre dropar treng djupare ned i porøse materiale som halm, og kan lettare slukke ulmebrann. Det vil vere ein fordel viss det brenn i fôrlager og liknande.

Krava til eit FG godkjent sprinklaranlegg er høge med tanke på vassmengde og vasstrykk. Anlegget må kunne gje tilfredstillande trykk og vassmengde som om alle dysene vart utløyst på ein gong. Statistisk sett er det i 95% av tilfella 5 eller færre dyser som vert utløyst [14], og då vil trykk og vassmengde frå leidningsnettet vere stort nok. Skal ein derimot ha eit anlegg med vassmengde og trykk som om alle dysene vert utløyst samstundes, må ein ha vasstank og pumpe, dette fordyrar anlegget enormt [10].

For driftsbygningar vil kanskje "Fast response sprinkler", som er ei form for boligsprinkling, vere aktuell. Systemet treng mindre vatn for sløkking enn konvensjonelle sprinklaranlegg, og er rimelegare [14]. Fast response sprinklar er meir temperaturfølsame og reagerar difor raskare og slukker brannen på eit tidlegare tidspunkt, og færre dyser vert dermed utløyst. Eit anna sprinklarsystem som kan passe, er "Extra large orificer" som er berekna til bruk i lagerbygg, og der vasstrykket er for lågt for konvensjonelle sprinklaranlegg. Sjølv ved lågt vasstrykk oppnår dei same vanttettheten som konvensjonelle sprinklardyser [14].

Sprinklarvåtanlegg må ha frostvæske i røyra i områder det kan bli kuldegrader. Ein anna ulempe er at dysene treng 7-9 gongar så mykje vatn som vasståkedyser. Det kan òg vere lett å løyse ut sprinklardysa ved arbeidsuhell. Reinhold av sprinklarbulb er viktig då støv og skit kan isolere bulben slik at meir varme krevst for å aktivere dysa.

Prisoverslag på sprinklaranlegg:

90 000 kr for bygg på 200 m² og 210 000 kr for bygg på 1000 m² (Teknisk bureau).
60 000 kr for bygg på 200 m² og 180 000 kr for bygg på 1000 m² (med forbehold om at ikkje alle dyser løyser ut slik at vasstank og pumpe ikkje er påkravd. Anlegget er då sannsynlegvis ikkje FG godkjent, SIMEX)

1.4.5 Pre-action anlegg

Pre-action anlegg er nesten som tørranlegg, men for å få vatn i anlegget må brannen detekterast både ved deteksjonsanlegget og sprinklarhovud. Preaction anlegget passar til områder der det er stor fare for å kome bort i dysene med utstyr som til dømes truck og traktor, og der ein vil unngå feilutløysing og vasslekkasjar [8].

Anlegget vil passe bra i ein driftsbygning, då det er treng to system som detekterer før det løyse ut. Mykje arbeid føregår i driftsbygningar så her unngår ein utløysing av anlegget viss ein knuser dysebulben utilsikta. Prisen vil truleg bli for dyr då ein må ha deteksjonsanlegg i tillegg til sløkkeanlegget.

Prisoverslag på preaction-tørranlegg:
125 000 kr for bygg på 200 m² og 245 000 kr for bygg på 1000 m² (Teknisk bureau, Stavanger)

1.4.6 Brannalarmanlegg

Eit brannalarmanlegg består av ein brannsentral, branddetektor og alarmsirener. Sentralen er "hjernen" i anlegget som oppfangar signal frå detektorane om ein brann, og gjev deretter alarm. Alarmen går til sirener eller over telefon til ein bestemt mottakar. I andre bygg på garden kan det monterast vanlege røyk- eller varmedetektorar. Alle detektorane vert kopla opp mot alarmsentralen som er montert i hovudhuset.

Prinsippet til eit aspirasjonsanlegg går ut på å suge luft gjennom små hol i eit røyr som er montert i driftsbygningen. Lufta vert ført til eit røyksugeskap som inneheld ein røykdetektor, eit støvfilter og ei vifte som dreg lufta gjennom røyra og inn i skapet. Støvfilteret fjernar gassar, fukt og støv, og skal forhindre unødige alarmer. Røykgassar vert sjølvsagt ikkje stoppa av filteret [4].

Ein føresetnad at brannalarm åleine skal ha ei virkning er at det finst folk som kan gå inn og slukke med ein gong. Brannar i landbruket utviklar seg ofte svært raskt og dei første minutta er difor avgjerande. [4] Dersom bonden er på jobb eit stykke unna, eller er på laurdagshandel i byen kan brannalarm åleine gje ei falsk tryggleikskjensle. Bruk av alarmanlegg i tilknytning til sløkkeanlegg vert sannsynlegvis dyrt. I tillegg kan aspirasjonsanlegget vere litt for følsamt og reagere utan at det er ein verkeleg brann.

Prisoverslag på aspirasjons-brannalarmanlegg:
65 000 kr for bygg på 200 m² og 94 000 kr for bygg på 1000 m² (Flexi AS, Trondheim og Autronica AS)
37 155 for bygg på 200 m² og 66 000 for bygg på 1000 m² (Elotec og Bravida)

1.5 Utfordringar for automatisk sløkkeanlegg i driftsbygningar

Miljøet i driftsbygningar er tøft for anlegga. Faktorar som mykje støv, skit, fuktig luft og diverse gassar, set krav til korrosjonsmotstand i anlegga. På vinterstid kan det vere ein får kuldegrader på låven, dette kan gje frostsprenging av røyr som inneheld vatn.

Stor brannbelastning og store useksjonerte rom gjer at brannen utan motstand kan raskt spreie seg til heile bygningen. Anlegget bør difor reagere raskt ved eit branntillaup.

Dårleg vassføring og lite vasstrykk kan vere eit problem for sløkkeanlegga.

Mange har stilt seg negativ til automatisk sløkkeanlegg, deriblant forsikringsselskapa. Til dømes Gjensidige NOR som har 70 % av gardane i Noreg som kundar, meiner at effektiviteten av anlegget vert for liten, kostnadane for høge og risikoen for vasslekkasjar blir for stor. Det har vore gjort få eller ingen testar med sløkkeanlegg i

driftsbygningar, men av erfaring og teori har ein gjort seg opp ei meining om at følgjeskadane ville bli større enn gevinsten ved installering av sløkkeanlegg.

1.6 Ordforklaringar

Brannbelastning: Er summen av varmemengda som vert avgitt ved fullstendig forbrenning av alle materiale i ei branncelle eller eit område inklusive veggjar, golv og tak. Brannbelastninga vert bestemt på grunnlag av spesifikk varmeverdi H_0 og massen til dei ulike stoffa.

Branncelle: Avgrensa del av bygningen, der brannen fritt kan utvikle seg utan å spreie seg til andre delar av bygningen i løpet av fastsett tid

Brannmotstand: Evna ein konstruksjon har til i ein gitt tid til å oppretthalde stabilitet, integritet og varmeisolering, slik at den tilfredstillar spesifikke krav ved standardisert brannprøving.

Dekningsareal: Generell beteingning for det areal det enkelte sprinklarhovud i eit anlegg skal forsyne med sløkkevatn.

Firetrace: Type deteksjonsanlegg, sjå for øvrig kapittel 2.2 Testutstyr.

K-faktor: Vasstraum frå dyse

$$K = \frac{Q}{\sqrt{P}}$$

Q – vasstraum i liter per minutt

P – trykk i bar

K – konsant

Lösch-o-mat: Er eit handsløkkeapparat med skum. Apparatet kan i tillegg til å brukast manuelt, løyse ut ei påmontert sprinklardyse som løyse ut ved 68°C.

Overtenning: Overgong frå vekstfase til fullt utvikla brann. Overtenninga medfører ei rask brannspreiing til alle brannflater i rommet.

Overtenningskontroll: Tiltak som aukar tida fram til overtenning. Brannen får utvikla seg seinare, noko som gjev lenger tid til evakuering.

Pyrolyse: Ireeversibel kjemisk spalting av eit material under påverknad av varme.

Røykventilasjon: Det å transportere bort røyk frå eit område, enten ved hjelp av termiske kreftar eller vifter.

Seksjonering: Tiltak som hindrar brann/varme og røyk mellom ulike brannceller. Ein avgrensar altså arealet brannen kan spreie seg innanfor.

Seksjoneringsvegg: Skal hindre brann i å spreie seg frå ein seksjon til ein annan. Det er viktig at den utførast med god tetting mot andre bygningsdelar og at brannmotstanden er tilstrekkeleg. Ein seksjoneringvegg må vere oppbygd av ubrennbare material og kunne motstå mekanisk påkjenning.

Skumsløkkemiddel: Skum dannar eit sjikt som skil brensel og oksygen. I praksis kjem brennbare gassar som dannast ved pyrolysering ikkje i kontakt med oksygen.

Straumningsvinkel: Vatnet sin utstramningsvinkel frå dysa. Til dømes 180 graders vinkel.

Ulmebrann: Forbrenning av eit materiale utan utvikling av lys, men ofte med danning av røyk.

2 Metode og testutstyr

2.1 Metode

For å løyse denne oppgåva ville ein teste automatisk sløkkeanlegg i eit eksisterande bygg. Lux brannteknologi som leverar vasståkedyser og varmedeteksjonsanlegg, og ETR røyrfirma blei kontakta. Desse sa seg villege til å sponse utstyr og montering. For å få tak i ein låve blei nabokommunar, brannvesen og landbruksrelaterte organisasjonar kontakta. Haugesunds avis vart kontakta då dette ikkje nytta, og etter eit oppslag i avisa kom tilbod om tre låvar. Låven i best stand blei valt. Dette var òg den største og den som låg nærast skulen.

For å få gjennomført forsøka og nedbrenninga måtte saka gjennom byggesakshandsaming i kommunen. Søknad for riving og nedbrenning, og nabovarsel vart fylt ut. I tillegg måtte brannvesenet godkjenne opplegget, og bistå på testdagen. Forsøka blei planlagt og eksterne ressursar samordna slik at alt var klart til å utføre forsøka når godkjenninga kom frå kommunen.

To forsøk blei utført med varmedeteksjonsanlegg knytta opp mot vasståkeanlegg for å finne svar på:

- Korleis vil eit automatisk vasståkeanlegg vil fungere i ein driftsbygning?
- Kva temperaturar vert brannen detektert ved?
- Kor lang tid tek det før anlegget løyser ut etter deteksjon?
- Vil anlegget fungere som overtenningskontroll eller vert brannen heilt sløkt?
- Vil anlegget fungere tilfredstillande?
- Vil ein anbefale anlegget for næringa?

Eit forsøk vart utført med eit automatisk utløysbart handsløkkeapparat for å finne ut.

- Korleis apparatet oppfører seg under brann?
- Kor effektivt det er?
- Korleis det passar i landbruksbygg?

Nedbrenning av låven blei gjort for å finne ut tid til overtenning og for å demonstrere kor raskt brannutviklinga går i slike bygg.

2.2 Testutstyr

2.2.1 Vasståkeanlegg

Dysene som blei brukt under forsøket er distribuert av Lux brannteknologi. Dette er dyser som er utforma slik at dei ved normalt vasstrykk gjev vasståke. Med andre ord vil det ikkje vere nødvendig med pumpe eller andre innretningar for å få tilstrekkeleg trykk. Systemet vert dermed enklare og rimelegare enn om ein var avhengig av slikt utstyr. Dysene gjev gjennomsnittleg dropediameter på 100-200 µm.

I forsøka vart det nytta 5 dyser. To forgreiningsrøyr vart brukt i skråtaket. Det øvste røyret hadde to dyser, og det nederste røyret hadde tre. Alle dysene hadde ein k-faktor på 9. Dekningsareal per dyse var ca 10 m². Den midtarste dysa i nedre røyr

gav ein strøymingsvinkel på 180 grader, og alle dei andre hadde ein strøymingsvinkel på 120 grader. Sidan anlegget var eit tørranlegg løyste alle dysene ut samtidig.

I ein reell situasjon ville ein hatt sløkkeanlegg i heile bygningen, men på grunn av tidsmangel og at ein var avhengig av å få sponsa utstyr, vart forsøksområdet avgrensa.

Ventilen som blei brukt i anlegget var ein inbal valve. Det er ein trykkreguleringsventil. Den har til oppgåve å opne opp for vatnet når mottrykket forsvinn. Ved branddeteksjon sig lufta, som oppretthaldt mottrykket, ut frå deteksjonsslangen. Dette trykktapet vert registrert i ventilen som opnar for vatn ut til anlegget.

Det vart brukt fem termoelement under forsøka. Eit termoelement er eit måleinstrument som registrerar temperaturendringar. Elementa var kopla til ein datamaskin som registrerte og lagra informasjon om temperatur og tidpunkt for kvart forsøk.

2.2.2 Varmedeteksjonsanlegget Firetrace

Firetrace er eit deteksjonssystem som er produsert av Ceodeux Rotarex i Luxemburg, og som vert distribuert av Lux brannteknologi i Noreg. Systemet er allereie i bruk på andre felt som i skip, maskinrom, elskap og fly. Systemet er nokså enkelt. Det er satt saman av ein deteksjonsslange, trykkbeholdar og ein trykkreguleringsventil.



Figur 3 Firetraceslange og trykkbeholdar

Systemskildring

Deteksjonsslangen som er ein spesialframstilt polymer plastslange, har ein utvendig diameter på 6 mm, og innvendig diameter på 4 mm. Slangen er trykksett med 12 bar frå trykkluftbeholdaren.

Sjølv om Firetrace i utgangspunktet er eit deteksjonssystem, kan det òg nyttast som sløkkesystem, kalla direkte system. Ved direkte system er sløkkemiddelet i same behaldar som trykklufta. Ved deteksjon vert sløkkemiddel, til dømes pulver, pressa gjennom deteksjonsslangen og ut av dei smelta hola over brannen. Systemet er brukt i små rom som elskap, motorrom og liknande. Når Firetrace berre vert brukt til deteksjon vert systemet kalla eit indirekte system. I eit indirekte system vil det ved ein brann smelte hol i deteksjonsslangen ved ein temperatur på 100-110 °C. Lufta i den

trykksette deteksjonsslangen sig raskt ut. Trykkreduksjonen vert registrert, og ventilen mistar mottrykket som så opnar for vatn til eit sløkkeanlegg.

Fordelar med firetrace i landbruksbygg er at systemet krev lite vedlikehald. Deteksjonsslangen fungerer sjølv om den er tilgrisa og er fleksibel med omsyn på plassering. Systemet vert ikkje påverka av banking og vibrasjonar og slangen kan førast gjennom tronge rom, kanalar og elskap.

Anbefalingar ved installasjon av Firetrace i driftsbygningar

Firetraceslangen bør plasserast i sløyfer med 1 meters avstand oppunder tak der den varme røyken etterkvart samlar seg. Slangen må plasserast slik at den ikkje lett kan punkterast på grunn av arbeid med traktor, høygaffel og liknande. Firetraceslangen bør heller ikkje plasserast i område der skadedyr kan kome til og gnage. I rom kor det ofte føregår varmt arbeid og i mjølkerom, der varmt vaskevatt vert sleppt ut etter tankvasking, vil det vere hensiktsmessig å feste slangen slik at den ikkje vert direkte eksponert for varmt vatn eller sveiserøyk.

2.3 Forsøksområdet



For å få eit så realistisk forsøk som muleg, vart forsøka gjort i ein driftsbygning. Denne låg på Norheim i Karmøy Kommune. Total arealet på låven var 153 m². Låven var gamal og hadde stor hol i taket som vart tetta dagen før forsøka vart utført.

For at forsøket 1 og 2 skulle vere lettare å gjennomføre og på grunn av avgrensa utstyrsmengde, valde vi å bruke berre ein del av låven til forsøka. Forsøksområdet vart lagt til 2. etasje innafor låvebrua. Golvarealet var her på 27 m², og der var ingen skiljeveggar til resten av låven. Av praktiske grunnar vart forsøka lagt til dei innarste kvadratmetrane, då det var lettast å komme til i taket her. Avstanden til taket i forsøksområdet var frå 1 til 4,7 meter.

Til tredje forsøk brukte vi garasjen i 1. etasje. Området til venstre for låvebrua. Ei stålplate var tidlegare lagt over dette området som eit provisorisk tak mellom garasjerommet og låven.

På forsøksdagen var det vestleg bris, kaldt og solskinn.

2.4 Test utføring

2.4.1 Test 1 og 2 Firetracedeteksjon og vasståkeanlegg

Utstyr:

Firetrace varmedetektor system

Rørslange kopla til gardshuset


Inbal trykkventil

Halm

5 Termoelement med "forlengingskablar"

PC med lab view

Skøyteleidning



Figur 4: plassering av termoelement, dyser og firetrace

Testoppsett

Vasståkeanlegg med to greinrør med høvesvis 2 og 3 dyser på kvart

Dyser: 3 stykk 1,5 m over golvet og 2 stykk 3,2 m over golvet

Vasstrykk: ca 7,5 bar før systemet var aktivert og 2,5 bar ved aktivering

Rørdimensjon for hovudrør frå vassuttak: 1,5"

Rørdimensjon for greinrør til dysene: 1"

Test 1 og 2 vart gjort på eit område innanfor låvedøra. Her hadde ein på førehand montert opp dyser og røryanlegg for vasståke. Termoelement og firetraceleidning var oppmontert i sløyfer i skråtaket. Desse sløyfene låg høvesvis: 1.1 m, 1.6 m, 2.6 m og 3.4 m over golvet. Termoelement 1, 2, 3, 4 og 5, var plassert forholdsvis ved 4 m, 3.4

m, 2.6 m, 1.6 m og 0.6 m over golvet. Termoelement 5 var plassert ved arnestaden og dei andre i taket. Greinrøyra var 1.6 m og 3.2 m over golvet.

I det første forsøket blei halm og anna plassert inn mot vegg under det nederste greinrøyret, deretter påtent. Firetracesløyfe B og C smelta etter kort tid. Derimot hadde ein gløymt å stille ventilen i rett posisjon, så vasståkeanlegget løyste ikkje ut før ventilen blei skrudd tilbake. Ved opning av ventilen tok det få sekund før vatnet strøymde ut, og brannen blei raskt dempa. Derimot hadde ein flamme lurt seg gjennom ei sprekke i taket. Ingen av dysene var retta mot taket, så den blei etterslått med brannslange.

I det andre forsøket var arnestaden trekt lenger ut på golvet, dette for å få større høgde til deteksjonsslangen. Då avstanden til deteksjonsløyfene var større, fekk brannen utvikla seg meir og flammene blei tydeleg større enn i test 1. I dette tilfellet fungerte alt som det skulle. Det tok berre få sekund frå deteksjon til dysene spruta ut vatn. Brannen dempa seg raskt og då testen vart avslutta var det berre litt ulming att nede i halmen.

2.4.2 Test 3 automatisk utløysbart handsløkkeapparat

Utstyr:

1 Løsch-0-Mat apparat, eit handsløkkeapparat med skum, og med påmontert dyse for automatisk utløysing

2 termoelement

pc med labview

1 halmball

Papp og kartongavfall + rusk og rask, materiale og eit juletre

Sløkkeapparatet vart hengt opp på ein stolpe og vendt mot området med brennbar materiale. Alt det brennbare vart samla i ein haug inntil den eine vegg. Dei to termoelementa hengde ein opp i taket, ein rett over dei brennbare materiala og ein rett ved dysa til sløkkeapparatet.

Det vart sett fyr to plassar. Ein nær apparatet og ein nokre meter unna. Brannen var størst i området lengst vekk frå apparatet. Etter aktivering av skumapparatet vart brannen dempa, men ikkje heilt sløkt, for eit objekt hindra skummet i å nå fram til heile brannsona. Det vart ei dødsone som ikkje blei eksponert av sløkkemiddelet, men det meste av brannen som blei eksponert for skum sløkte. Det var skum i ein vinkel på ca 180 grader. 5 m fram og 2,5 m til kvar side.

2.4.3 Nedbrenning av låven

Før låven vert satt i fyr, vart utstyr som hadde vore i bruk tidligare på dagen rydda ut. Det vert tømt diesel i området kor det hadde vore hol i taket då desse områda var svært blaute etter fleire dagar med regn. Det størst holet på 3x1 vart tetta med ei sponplate dagen før påtenning av bygget.



Etter 5-6 minutt slo flammer ut gjennom taket, og overtenning kom etter 6-7minutt. Tilskodarane stod 30-50 meter unna i starten. Då brannen var på sitt mest intense, hadde det gått 8-10 minutt. I denne perioden var det masse mørk røyk og store flammetunger var synlege i røyksøyla. Strålinga frå brannen var då so intens at tilskodarane trakk seg endå 10-20 meter lengre vekk.


I løpet av 40 minutt var heile låven borte. Det brann framleis i samanraste bygningsdelar og materiale som var inne i låven frå før, men alle veggar og tak var borte.

3 Resultat

Alle grafane startar frå registrert temperaturauke, og ikkje frå påtenningstidspunktet. Difor samsvarer ikkje tid i tabellane med tid i teksten.


3.1 Test 1: Firetrace og vasståkeanlegg

Brannen blei detektert ca 60 sekund etter påtenning. Det var firetracesløyfe B og C nedanifrå som smelta. Sannsynlegvis var det sløyfe B som detekterte, for her viste termoelement 4 ein temperatur på 103°C. Først 10 sekundar seinare viser termoelement 3 ved sløyfe C ein temperatur på 105 °C. 30 sekund etter deteksjon kom vasståka. Flammane blei slått ned ganske raskt, og ein ser at temperaturane avtok straks etter tilføring av vasståke. Makstemperaturen som blei målt i forsøket før sløkking var ved termoelement 3. Her blei temperaturen målt til 220 C. Frå målte makstemperatur til alle termoelementa viste temperaturar på under 30°C tok det 133 sekund. Raskast avtok temperaturane ved termoelementa med dei høgste temperaturane, og det var ved termoelement 3 og 4 som var plassert slik at den varme røyken treffe desse først.




3.2 Test 2: Firetrace og vasståkeanlegg

I test 2 blei brannen detektert av firetracesløyfe C etter 87 sekund. Målingane viser at temperaturen nærast deteksjonssløyfa var 101°C. Det tok 23 sekund frå deteksjon til vatn kom ut dysene. I løpet av heile forsøket var det berre termoelement 1 og 2 som synte temperaturar over 200°C. Maksimaltemperaturen som blei målt var ved termoelement 2 på 322°C, mot 220°C i test 1. I løpet av 76 sekund avtok temperaturen til under 30°C ved alle målepunkta. Berre termoelement 1 og 2 viser temperaturar over 100°C.



3.3 Test 3: Skumapparat med glasbulb

Tid frå tenning til glasbulben sprakk, og skumapparatet utløyste tok 178 sekund. Frå registrert temperaturauke ved termoelementa til ein fekk aktivering av apparatet tok det 153 sekund. Temperaturen var ved aktivering 69°C ved apparatet og 207°C ved brannsona. Som ein ser av grafen var den høgste temperaturen under forsøket på 332°C ved brannsona, dette var 100 sekund før aktivering av apparatet. Etter aktivering av skumapparatet avtok temperaturen i brannsona frå 207°C til 126°C i løpet av 23 sekund. Temperaturen ved apparatet avtok frå 68°C til 23°C i same tidsperiode. Avstanden frå apparatet til brannsona var frå 1,5 til 4 meter.



3.4 Nedbrenning av låven

Tid frå påtenning til ein såg flammor ut frå taket tok 5-6 minutt. Bygningen var overtent etter 6-7 minutt, og nedbrent etter 40 minutt.

4 Diskusjon

